

Asle Øvstedal  
Mykingvegen 1169  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9165 - 21/10539

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
16.02.2021

## **Førehandsvarsel med krav om tilkopling til offentleg avløpsanlegg - gnr 38/28 Hodne**

**Tiltak:** Melding om avvik, utløp tett  
**Byggjestad:** Gbnr: 38/28  
**Tiltakshavar:** Asle Øvstedal

Vi viser til vårt brev av 26.05.2020 der vi opplyser om vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tömming den 06.05.2020 vart registrert følgjande avvik i septiktanken på eigedommen din. Utløpet i septiktanken var tett. Norva24 AS informerte også om at tanken var øydelagt og at den ikkje lenger fungerte slik den skal. Det vart også meldt om at det var registrert lekkasje frå den, noko som kan medføre fare for forureining i grunnen rundt tanken.


Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve.

I brevet av 26.05.2020 oppmodar vi deg om å søkje om tilkopling til kommunalt avløpsanlegg då området der eigedommen din ligg, fekk etablert kommunal avløpsordning i 1997.

Frist for å kople seg til det kommunale avløpsanlegget var satt til **30.11.2020**. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg om at dette er gjort.

Det ligg kommunale hovudleidningar for vatn og avløp i nærliken av gnr 38/28. Det er tilrettelagt for at eigedomen din kan knytast til anlegget. Avstanden frå bustaden din til nærmeste tilkoplingspunkt er målt til å ligge mellom 50 og 70 meter.

Kontakt VVA-avdeling i Alver kommune med omsyn til om det er høve til å kople eigedommen på kommunalt vatn- og avløpsnett. Den vedlagte kartskissa viser leidningsnettet i området.



Den gule linjen er avstand luftveg frå gbnr 38/28 til kommunal kum.

#### **Plikt til tilknyting til kommunal VA-anlegg**

I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eide dom der offentleg vass- og avløpsleidning går over eide domen, i veg som grensar til eide domen, eller over nærliggjande areal knytast til dei offentlege leidningane. Tilknyting til offentleg avløpsordning er søknadspliktig, jf. pbl § 20-1 bokstav f, jf. § 20-2.

Grunneigar må sjølv kosta private stikkleidningar og må betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ.

Alver kommune vurderer at eide dom din fell inn under føresegna om tilknytingsplikt til det kommunale vass-/ og eller avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 27-2.

Frist for å kople seg til det kommunale vass- og/eller avløpsanlegget er **15.08.2021**.

Dette er eit førehandsvarsle, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg innan **10.03.2021**, vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknyting til det kommunale VA-anlegget og gje deg tvangsmulkt. jf. plan- og bygningslova § 32-5.

#### **Dine rettar:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ileyding av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarslelet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

## **Kva må du gjer vidare**

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkje om tilknyting til kommunalt vass- og/eller avlaupsanlegg, og eventuelt utbetring av tanken før eigedommen er kopla til kommunalt anlegg.

Dersom vi ikke får inn melding om at eigedommen din er kopla til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg innan fristen over, kan vi gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt.

## **Aktuelt regelverk**

- Tilknytingsplikta følgjer av pbl. § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknyting vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Asle Øvstedal

Mykingvegen 1169

5957

MYKING